



Rømningsvegar frå kjellaren og låven på Dønhaug må dokumenterast. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Saksbehandlar Jon Harald Kjærland har på vegne av rådmannen sendt brev til Dønhaug Gjestegard om rømningsvegar og utganger. Rådmannen ber om at Magne Huglen innan tre veker – det vil seia før 18. juni - dokumenterar at visse manglar er utført.

Han minner om at forskriftsmessige rømningsvegar og utganger er ein føresetnad for at bruksløyve og ferdigattest står ved lag.

Brevet tek utgangspunkt i at brannvernet 14. september 2006 påpeika avvik som hovedsakeleg galdt rømningsvegar frå Dønhaugkjellaren og Dønhauglåven. Saka var sendt over til Kvinnherad Prosjekt Konsult 12. september for uttale.

I svarbrev 17. april 2007 påpeika prosjekterande/ansvarleg manglar som ikkje var utført og bad Dønhaug Gjestegard retta opp manglane snarast.

Av Ola Matti Mathisen